



Thomas Helland var ikkje nøgd med seg sjølv då han misbruka ein stor sjanse til å auka leiinga til 2-0.



Lysekloster-kaptein Baste Jonassen var lite nøgd med dommaren då han ikkje fekk straffespark etter ein duell med Fredrik Heggland.



Brann-stoppar og osing Fredrik Heggland protesterer til dommaren då det blei dømt straffespark etter ein duell mellom han og Lars Henrik Skage.

rtid

Det var den første kampen på den utvida banen, som Sandal meiner vil gagna Lysekloster og deira spele-stil. Ein ivrig gjeng med samspelte Brann-juniorar gjorde imidlertid at heimelaget ikkje fekk dra mykje nytte av det måndag.

- Dei er nok det mest løpsvillige og løpssterke laget me kjem til å møte her i år, seier han.

Lysekloster-trenaren trur heller ikkje det var ein fordel at bortelaget ikkje stilte med spelarar frå A-laget.

- Det er stort sett dette laget dei stiller med. Det er ikkje alltid at A-lags-spelarane er like motiverte for å spela i 3. divisjon. Den gjengen dei stilte med måndag er både samspelte og godt motiverte, seier han.

Det er ikkje straffespark. Han får avslutta og legg seg ned. Eg er ikkje bortti han.

FREDRIK HEGGLAND

KAMPFAKTA

LYSEKLOSTER - BRANN 2:3 (1-0)

- **Arena:** Lysekloster Framo Idrettspark
- **Tilskodarar:** Om lag 250
- **Dommar:** Bjarte Sandal
- **Mål:** 1-0 Thomas Helland (25), 1-1 Ahmed Omar (53), 1-2 Oliver Rotihaug (57), Baste Jonassen (70), 2-3 Oliver Rotihaug (79), 3-3 Preben Skorpen (90).
- **Lyseklosters tre beste spelarar:** **** Espen Birkeland, ** Sindre Flaa, * Lars Henrik Skage.
- **Lyseklosters lag:** Chris Sunde Midtun - Baste Jonassen, Preben Skorpen, Sindre Hitland Flaa, Alexander Andersen - Hans-Christian Nysæther, Espen Birkeland, Joakim Hjelmeland (Kim André Liseth frå 61.) - Ola Sjømæling, Thomas Helland (Tommy Gaustad frå 66.), Lars Henrik Skage (Øystein Takle Eide frå 71.)



Håkon Kvittingen imponerte mot Kopervik. (Foto: Ørjan Håland)

Kosta over Kopervik

Med ein forrykande innsats og eit samla kollektivt press kosta Os A-lag over Kopervik søndag. Dei gul-svarte gav seg ikkje før det stod 9-0 i målprotokollen.

Børge Borgen, som i tillegg til å vera ein bauta i forsvar også viser ei rå innstilling framfor motstandarens mål. Mot Kopervik skåra også han to flotte mål, skryter Håland.

Kvittingen best

Ein annan som får skryt for innsatsen er *Håkon Kvittingen*. I *Marius Mikkelsen*s fråvær fekk osingen sjansen i ei av dei djupe sentralmidtbane-rollene. 21-åringen skuffa ikkje.

- Håkon har hatt ein tøff start på sesongen, og har slitt litt med å få speletid. Mot Kopervik var han tilbake, og sjansen han fekk, tok han verkeleg vare på. Han vart kåra til banens beste spelar, og den heideren fortente han verkeleg. Det blir vanskeleg å setja han ut igjen av laget etter ein slik flott innsats, rosar Håland.

Hovudtrenar *Hassan El Fakiri* fann fleire ting å glesa seg over etter Kopervik-kampen.

- For det første ser me at det løner seg å gå på mange gode løp framover i banen. Det kostar krefter, men det er utruleg morosamt når me lukkast. Dessutan er det sterkt at me for andre gongen i år held nullen bakover. Det har me jobba mykje med, og det arbeidet ser me resultat av, seier Fakiri.

Komande måndag har osingane bortekamp mot Vard Haugesund 2.

- Me håpar å levera ein ny sterk kollektiv laginnsats. Dersom gutane er like gode som dei var mot Kopervik, trur eg det blir siger, seier Fakiri.

KENNETH SVENNINGSEN
Kenneth.svenningsen@osogfusa.no

- Det er framleis ting me kan gjera betre, men heilt klart: Dette var ein god kamp frå vår side. Bakover lukkast me med eit samla godt press, og framover gjekk gutane på utallege gode løp. Då vert det også enklare for ballførarar å finna ledige folk framover på banen, seier assistent-trenar *Ørjan Håland*.

Fullførte med stil

Han meiner at det langt på veg er naturleg at det blir stor skilnad på laga, når det eine laget spring dobbelt så mykje.

- I 3. divisjon vert det fort litt skilnad på dei beste og dei nest beste laga. På søndag var gutane våre "på" frå start til slutt. Då blir det gjerne mange mål, seier Håland.

Osingane skåra tidleg, og heldt jamt fram med å putta ballen bak Koperviks sisteskane. Måla delte gutane broderleg mellom seg.

- Me har to spissar som skårar to kvar i *Christer Olsen* og *Kristoffer Østervold*. Elles er det mange som melder seg på, men me må jo nemna

Krinsmeisterskap i sprintstafett

På laurdag arrangerer Os Orienteringsklubb krinsmeisterskap i sprintstafett i Os sentrum. Løypa går frå Kyrkjeflaten og ut i byggjefelta rundt. Løparane startar i ulike puljer, og deretter er det første lag i mål-prinsippet.

- Dette blir eit stort og spennande arrangement. Me reknar med å ha bortimot 150 sterke orienteringsløparar frå Hordaland til start, seier nestleiar i Os Orienteringsklubb, *Marie Pontoppidan*.